



Veke 24: Rotarymøte 14.06.2023

14 medlemmer og éin gjest kom til Bamble kyrkje, der vi blei møtte av Yngvar, som overraska oss med kaffi og ei nydeleg heimebaka formkake. Denne sommarkvelden skulle vi høyre eit kåseri om *Olavskyrkja* – den gamle steinkyrkja vi no berre ser sørgjelege ruinar av om lag hundre meter frå trekyrkja som stod ferdig i 1845.



Kåsøren, Arne Jørgen Lund, prest i Bamble frå 1974 til han gjekk av med pensjon 39 år seinare, er kunnskapsrik, og veit mykje om kyrkjene i kommunen vår. I samband med 150-årsjubileet til Bamble kyrkje i 1995 var han redaktør av boka *Fra hov til kirke. Skeidi i Bamble – Senter for gammel og ny tro*, som kan lesast på nettsidene til Nasjonalbiblioteket: www.nb.no/items/URN:NBN:no-nb_digibok_2011030703004. Her har Lund sjølv skrivt kapitlet «Olavskirken i Bamble».

Olavskyrkja blei bygd før 1150. Ho bar det norrøne namnet *Skeiðis kirkja i Bømlum* og var truleg om lag 4 meter lengre enn det ser ut til frå ruinane. Det tilseier at ho var største steinkyrkja i Telemark i eldre tid. Ho var sentrum for Olavsdyrkinga i Gimsøy klosterområde i mellomalderen. (Gimsøy kloster blei truleg oppretta på 1150-talet.)

Lund tok oss med inn i «Mariakapellet», eigentleg eit «skattkammer» der dei gøymde tiendskatten. Alle detaljane i det sprudlande kåseriet til Lund er det ikkje råd å kome inn på her. Han hadde tankar om det norrøne namnet *Skeiðis kirkja*. I Telemarksbandet av *Norske Gaardnavne* (Kristiania 1914) av Oluf Rygh les vi at «Skeiði n. er afledet af og vel omtrent enstydigt med skeið n.; om dette Ords Betydning og Anvendelse i Gaardnavne se Indl. S. 75» – og i denne «Indledning» står det at «Af de Betydninger, hvori dette Ord findes i det gamle Sprog, er vel: Bane, til Kapløb, eller Kapridning, snarest den, der ligger til Grund for de Navne, hvori det forekommer.»



Lund nemnde at stadnamngran-skaren Oluf Rygh (1833–1899) ikkje var glad i religiøse tolkingar av stadnamna våre, og kan ha oversett tolkingar knytte til åsatru og fruktbarheitsdyrking. Det danske ordet *skede*, lånt til norsk som *skjede*, skriv seg frå eldre nordisk *skeið* og *skeiði*. Så får vi gjere som Lund sa: *Bruk fantasien!* Men referenten stoppar her.

Langesund, 17. juni 2023,
Rolf Theil